UTVIKLINGSPLAN 2026-2027

Kommunikasjon, rettleiing og tilbakemelding

Mål	**Teikn på god praksis**	**Strategi** (korleis koma frå der du er til der du vil)	**Tiltak** (kva)	**Evaluering** Kva/kven/ korleis/når skal det evaluerast?	**Ressursar**	**Ansvar**
Dei tilsette er gode rettleiarar for nyutdanna, studentar, lærlingar og vikarar Me har ein felles og systematisk praksis for kommunikasjon, rettleiing og tilbakemelding som skapar tryggleik, utvikling og kvalitet	Nytilsette har eigen mentor Dei tilsette gir tydelege, konstruktive og anerkjennande tilbakemeldingar Me har gode samtalar og gir tilbakemelding som fremjar læring og utvikling Opplæringa skjer i ein kultur prega av respekt og tillit. Me følgjer opp og justerer praksis undervegs Dei tilsette opplever rettleiing som nyttig og støttande	Utvikle praksis for korleis rettleiing, tilbakemelding og oppfølging kjem den enkelte og fellesskapet si læring og utvikling til gode Bygge ein felles kultur for kommunikasjon, rettleiing og tilbakemelding gjennom kompetanseheving, felles refleksjon og systematisk oppfølging	Kursrekke med opplæring i mentorrolla for barne og ungdomsarbeidarar (Såkornmidler) jf. mål og l teikn på god praksis Kursrekke for pedagogane i mentorrolla (Re-komp/ system for kollektiv kompetanseheving) jf. mål og l teikn på god praksis Oppfølging og opplæring i mentorrolla gjennom refleksjon og erfaringsdeling i personalgruppa Bruke avdelingsmøte, personalmøte og pedagogmøte til erfaringsdeling, refleksjon og fagleg utvikling Tilbakemelding i kvardagen med fokus på styrker, utvikling og læring Lage felles retningslinjer for mentorrolla og rettleiing som ein del av mentorpermen Ta i bruk mentorperm som støtte i mentorrolla	**Plandag i november** Kva har me fått til? Kva har endra praksisen? Kva fungerer godt? Kva må me justere? **Sluttvurdering Mai 2027** Har me nådd målet? Kva ser me i personalet sin praksis? Kva tiltak har hatt størst effekt? Kva skal me videreføre?	Tilsette med rettleiings-kompetanse HVL v/ Fimreite, Sønstehagen såkornmidler HVL v/ UP1 Evelyn Eggum System for kollektiv kompetanseheving Personalressursar / interne midler	Styrar Ped.leiarar

Språk, språkutvikling og høgtlesing

Mål	**Teikn på god praksis**	**Strategi** (korleis koma frå der du er til der du vil)	**Tiltak** (kva)	**Evaluering** Kva/kven/ korleis/når skal det evaluerast?	**Ressursar**	**Ansvar**
Barnehagen skal styrke kvaliteten på litteratur-formidling og leseglede gjennom dagleg og bevisst bruk av bøker, fortellingar og samtalar.	Barna tek sjølve initiativ til å sjå i bøker Barna ber om å bli lesne for. Dei tilsette brukar opne spørsmål og samtalar aktivt med barna under lesing Bøker er synlege og tilgjengelege Personalet brukar bøker aktivt i leik og tema Barn møter litteratur på fleire språk der det er relevant Fokus på nynorsk og dialektar	Systematisk og felles praksis for høgtlesing og litteraturformidling. Dei tilsette skal ha eitt bevisst forhold til val av litteratur, korleis me les, og korleis me brukar samtale rundt boka til å støtte språk, undring, forståing og fellesskap. Me skal gå frå at lesing skjer når det passar, til at høgtlesing og litteraturformidling er fast og prioritert del av barnehagekvardagen.	Innføre faste lesestunder kvar veke på avdeling. Lage ein lesekrok på avdelingane med bøker som er tilgjengeleg for barna. Ta i bruk Stabburet som ein arena for lesing og litteraturformidling Arbeide med litteratur og tema om Torbjørn Egner. Bruke opne spørsmål og samtale aktivt før, under og etter lesing. Gi barne høve til å medverke i val av bøker Byte ut bøker jamleg, slik at barn møter variasjon og nye bøker Synleggjere bøker utifrå tema, årstider og barna sine interesser Fokus på nynorsk språk og litteratur Tilby bøker på fleire språk Dele erfaringar og god praksis i personalgruppa Involvere føresette i arbeid med lesing og språkutvikling	<u>November-26</u> Kva har me fått til? Kva har endra praksisen? Korleis har borna meir interesse for bøker og lesing? Kva fungera godt? Kva må me justere? <u>Mai/Juni- 27</u> Har me nådd målet? Kva ser me hjå barna? Kva ser me i personalet sin praksis? Kva tiltak har hatt størst effekt? Tilbakemelding frå foreldre. Kva skal me vidareføre?	Tilsette Vilde Kompelien, HVL Barnehagen sitt bibliotek/bøker Sogndal bibliotek Nynorsk-senteret	Styrar har ansvar for å følgje opp i personalmøte og leiarmøte Pedagogisk leiar har ansvar for å følgje opp erfaringar i avdelingsmøte Alle tilsette har ansvar for å gjennomføre og bidra til utvikling av praksisen.